

Årsmøte 2013

Tysdag 12.02.2013, kl. 17-18

Hamar dialekt- og mållag innkallar med dette til årsmøte **tysdag 12. februar kl. 17 - 18** på Tante Gerda kafé i Strandgata 35.

Årsmøtet blir halde like i etterkant av nynorsk-kafeen, som er på same stad frå klokka 16 til 17, og vi håpar at dei fleste vil nytte høvet til å vere med på den sosiale delen før møtet.

Nynorsk-kafeane har blitt eit populært innslag, og det er gjerne 15 – 20 personar som møter opp til uformelt samvær utan førehandsbestemt program over ein kaffi- eller tekopp og kanskje eit kakestykke. Det har òg komme fleire nysgjerrige som ikkje har hatt mykje å gjere med målrørsla før. Dei fleste gongene har enkeltpersonar spontant stilt opp og bidrege med eigne innslag som diktopplesing, song, forteljingar og anekdotar. Så vi må konstatere at nynorsk-kafeane er ein suksess så langt. Nynorsk-kafeane er kvar andre tysdag i månaden mellom klokka 16 og 17 på Tante Gerda. Datoane i vår er altså: (08.01.) - 12.02. - 12.03. - 09.04. - 14.05. - 11.06.2013.

Saklista for årsmøtet:

1. Godkjenning av møteinnkallinga og saklista
2. Årsmelding
3. Rekneskap og budsjett
4. Aktivitetar i 2013 («arbeidsplan»)
5. Val av styre og eventuell utsending til landsmøtet i Ørsta 19. – 21. april
6. Eventuelt

Val til styringsfunksjonar viser seg å vere ei utfordring i frivillige organisasjonar. Dette blei også diskutert på førre årsmøte. Styret har derfor ikkje lagt opp til nokon «valkampanje» i forkant av dette årsmøtet. Det sitjande styret med Jens Haugan (leiar), Nils Slapgård, Tove Ingrid Maurstad Tuko og Helen Johannessen (vara) stiller til gjenval, og det er mogleg for fleire å bli med i styret dersom dette skulle vere ønskjeleg. Det er berre å ta kontakt før årsmøtet eller eventuelt også på årsmøtet.

2013 er vårt nasjonale **Språkår**, og Hamar dialekt- og mållag vil i samarbeid med mange andre aktører vere involvert i ei rekkje markeringar i heile 2013. Vi håpar vi kan freiste med mange interessante føredrag. Dei føredraga som er stadfesta i skrivande stund, er:

- Tysdag 5. mars: **Frode Myrheim** snakkar om **stadnamnlova og stadnamna**. Gravdahl bokhandel, kl. 18-20.
- Tysdag 12. mars: **Aud Søyland** snakkar om **den nye rettskrivingsreforma**. Campus Hamar, aud. 3, kl. 9-12.
- Tysdag 12. mars: **Språkstafetten** til Noregs Mållag har stand på campus Hamar og vil vere tilgjengeleg for samtalar. Klokka 12 vil det vere ei markering på høgskolebiblioteket på campus Hamar, og klokka fire er det nyorsk-kafé.
- Onsdag 13. mars: professor **Jan Terje Faarlund** spør om **engelsk eigentleg er eit nordisk språk**. Gravdahl bokhandel, kl. 18-20.
- Tysdag 9. april: professor **Lars Anders Kulbrandstad** snakkar om språkhaldningar i det fleirkulturelle Noreg. Gravdahl bokhandel, kl. 18-20.

Fleire andre føredrag er under planlegging.

Det vil også vere mange arrangement i regi av biblioteka i området, som kan vere interessante. Følg med i avisene og på nettsidene til Hamar dialekt- og mållag (www.hamar-dml.no) under «aktivitetar». Sjekk også nettsidene til Språkåret 2013 (<http://www.spraakaret.no/>) der ein vil finne språkrelaterte arrangement i heile landet

Ta gjerne kontakt med oss i styret.



Beste målhelsing

Jens Haugan

Leiar

Verv nye medlemmer!



E-post: jens.haugan@hihm.no – tlf. 911 95 432

E-post til alle i styret: hamar-dml@jenshaugan.com

Hamar dialekt- og mållag har egne nettsider ([Hamar-dml.no](http://www.hamar-dml.no)) og ei gruppe på Facebook.

Dei som eventuelt ønskjer å bidra med økonomisk støtte til arrangement i samband med Språkåret 2013, kan gjere dette ved å overføre pengar til Hamar dialekt- og mållag sin lagskonto: 1503.26.91959